

Til

Radøy kommune

postmottak@radoy.kommune.no

5. april 2016

Høringsuttale Radøy AP.

Radøy Arbeidarparti har drøfta dei ulike høyringsalternativa som er lagt ut til høyring.

Me vil gje honnør til det arbeidet som er lagt ned så langt, og meiner at høyringsutkasta i stor grad synleggjer dei ulike utfordringane som dei tre alternativa kan føre med seg.

Radøy Arbeidarparti vil likevel kommentere følgjande:

- - Flott med fokus på å byggje ny kommune og ikkje at kommunereforma i vår region er å slå saman kommunar.
- - Kva skal dei ulike nærsentra innehalde av tenester eller lokalitetar? Her ynskjer me meir konkrete eksempel på kva dette skal kunne vera. Det bør vurderast å ta inn Bøvågen som eit nærsenter saman med Ostereidet og Vikebø, med Manger, Lindås og Frekhaug som lokalsenter.
- - Når det gjeld dei ulike politiske utvala, bør det vera eit utval som jobbar med næringsutvikling. Dette må koma i tillegg til dei utvala som er skissert i intensjonsavtalane.
- - Idrett og kultur er lite omtala i høyringsutkasta. Her ynskjer me meir som m.a. går på drift og vedlikehald og eigartilhøve.
- - Me ynskjer større fokus på frivillig arbeid, som det vil vere stor trong for i åra som kjem.
-
- - Radøy som ein god kommune for ungdom, med ungdomskoordinatoren i spissen, må leggjast vekt på og i ein ny kommune.
- - Me ynskjer at ulike politiske møte som t.d. kommunestyre o.s.v. vert halde etter tur rundt omkring i den evt nye kommunen – Dei gamle kommunehusa er godt eigna til slike møter. Dette trur me vil kunne styrke lokaldemokratiet.

Med helsing

Kirsti Gjetle Floen

Leiar Radøy AP